

Elevar og fagval i vidaregåande opplæring 2024–25

Fleire elevar på helse- og oppvekstfag

Hausten 2024 er det fleire som går yrkesfag enn studieførebuande på vg1. Det har ikkje begynt så mange elevar på helse- og oppvekstfag vg1 sidan skoleåret 2020–21. På studieførebuande er det stadig færre som vel realfag.

STATISTIKK | Sist endret: 06.02.2025

Fleire tal i statistikkbanken

[Elevtal i vidaregåande](#)

[Elevar sine fagval i vidaregåande](#)

[Overgangar i vidaregåande](#)

Hovudfunn

- over halvparten av elevane på vg1 starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram
- auke i elevar på helse- og oppvekstfag på vg1
- færre elevar på studieførebuande vel realfag
- elevtalet på samisk som andrespråk aukar for andre år på rad, som gir ein auke på over 50 prosent på to år


Over halvparten vel yrkesfag

Det er i overkant av 189 000 elevar i vidaregåande skolar per 1. oktober 2024. Talet på elevar aukar med 3 300 frå i fjor. Det er 900 fleire elevar på studieførebuande, og 2 400 fleire elevar på yrkesfaglege programmer.

For første gang er det klart fleire elevar på yrkesfag enn på studieførebuande programmer på vg1. Litt over halvparten av elevane som starta på vg1 på ein

vidaregåande skole hausten 2024, starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Av figuren nedanfor ser vi at andelen på yrkesfag har auka gradvis i perioden 2015–2024.

Fordeling av elevar på vg1 etter studieretning



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2015-16*	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Studieførebuande	54%	53%	53%	52%	51%	51%	51%	50%
Yrkesfag	46%	47%	47%	48%	49%	49%	49%	50%


*Medium og kommunikasjon (gammal ordning) reknes som studieførebuande

Studiespesialisering er det største av alle utdanningsprogramma med 36 prosent av elevane på vg1. Det tilsvara nærmare 3 av 4 elevar på studieførebuande utdanningsprogram. Helse- og oppvekstfag er det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet, med 13 prosent av alle elevar på vg1. Blant dei som starta på

Fleire elevar på helse- og oppvekstfag

Elevtalet på vg1 aukar litt på dei fleste yrkesfaglege program i år. Auka er størst i helse- og oppvekstfag og teknologi- og industrifag. Dette er dei to største yrkesfaglege utdanningsprogramma. Etter fleire år med nedgang, er elevtalet på helse- og oppvekstfag i år det høgaste sidan skoleåret 2021–22. Teknologi- og industrifag har fått stadig fleire elevar kvart år sidan 2018–19. Elevtalet har også auka betydeleg på nokre av dei mindre yrkesfaglege programma. Relativt til kor mange elevar dei hadde i fjor er det sal, service og reiseliv og frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign som aukar mest. Elevtalet på desse programma er 11 prosent høgare enn året før.

Elevtal på dei fire største utdanningsprogramma på yrkesfag, vg1



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2015- 16	2016- 17	2017- 18	2018-19	2019-20	2020-21
Bygg- og anleggsteknikk	4 336,0	4 445,0	4 490,0	4 756,0	4 680,0	4 792,0
Elektro og datateknologi	5 117,0	5 012,0	4 717,0	4 675,0	4 684,0	4 711,0
Helse- og oppvekstfag	8 902,0	9 361,0	9 686,0	10 098,0	10 188,0	10 139,0
Teknologi- og industrifag	6 564,0	6 113,0	5 667,0	5 985,0	6 349,0	6 449,0

På vg2 vel elevane kva for programområde dei vil ta innanfor utdanningsprogrammet dei går på. Det er generelt stabilt over år kva som er det største programområdet innanfor kvart yrkesfaglege utdanningsprogram. På helse- og oppvekstfag er det framleis helsearbeidarfag, men elevtalet har gått ned dei siste åra. I år er det 3 400 elevar, som er 300 færre enn i fjor. Dette heng saman med at det har vore nedgang i elevtalet på vg1 i helse- og oppvekstfag i tidlegare år, men det er likevel ein større nedgang enn for barne- og ungdomsarbeidarfag, det nest største programområdet.

Fleire elevar på yrkesfag vel påbygging

I år er det ein auke i talet elevar som vel påbygging, etter tre år med nedgang. Skoleåret 2024–25 går 10 800 elevar på påbygging til generell studiekompetanse, som er ein auke på 400 frå året før. Yrkesfaglege elevar kan ta eit år med påbygging for å oppnå studiekompetanse. Dette kan dei gjere enten etter vg2, eller etter dei har oppnådd fag- og yrkeskompetanse. Mange av elevane som startar på eit yrkesfagleg utdanningsprogram ender derfor opp med studiekompetanse. Auka i år er fordi fleire tar påbygging etter vg2, mens talet elevar som tek det etter oppnådd fag- og yrkeskompetanse er stabilt. Dei siste åra har i overkant av 20 prosent av elevane på yrkesfag begynt på påbygging etter vg2, men med store forskjellar mellom utdanningsprogramma.

Stabilt elevtal på dei fleste studieførebuande program


Sjølv om elevtalet på vg1 generelt er høgare enn i fjor, er talet på dei studieførebuande programma på vg1 stabilt. Unntaka er idrettsfag, som har høgare

elevtal for tredje året på rad, og kunst, design og arkitektur, som har færre elevar for tredje året på rad. Studiespesialisering har også litt fleire elevar enn året før, men relativt til det høge elevtalet er det ein veldig liten endring.

Stadig fleire vel språk, samfunnsfag og økonomi på studiespesialisering

På studiespesialisering vel 64 prosent av elevane programområdet språk, samfunnsfag og økonomi, mens 34 prosent vel programområdet realfag. Delen elevar som vel språk, samfunnsfag og økonomi har auka dei siste fire åra. Dei resterande 2 prosentane går på variantar av studiespesialisering kor dei ikkje vel programområde.

Fordeling av elevar på programområde, studiespesialisering vg2



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2015- 16	2016- 17	2017- 18	2018- 19	2019- 20	2020- 21	2021- 22	2022- 23	
Realfag	42%	41%	41%	42%	42%	42%	40%	37%	
Språk, samfunnsfag og økonomi	55%	56%	56%	55%	56%	56%	58%	60%	


Psykologi er program- og valfaget med suverent flest elevar. Elevtalet på psykologi har auka jamt sidan 2013–14, og i år er det nesten 19 000 elevar som tek psykologi 1 eller 2. Dette er ein auke på meir enn det dobbelte frå 2013–14.

Nedgang i elevtal på realfag

Ettersom det er færre elevar på studiespesialisering som vel realfag som programområde, er det også færre elevar som vel realfag som program- og valfag. Særleg har talet på elevar som tek kjemi og fysikk gått mykje ned dei siste fire åra. Kjemi har til dømes 11 200 elevar i år, etter ein jamn nedgang frå 14 100 elevar i skoleåret 2020–21. Det er også nedgang i dei mindre realfaga. Elevtalet på informasjonsteknologi har gått ned med over 700 elever berre frå i fjor, på toppen av fleire år med nedgang. Biologi har derimot fleire elevar i år, etter tre år med nedgang.

Det har blitt færre av både jenter og gutar i desse faga, men den prosentvise nedgangen har vore litt større for jentene. Dette gjelder både dei faga kor det var flest jenter, som biologi og kjemi, og der det var flest gutar, som i fysikk og informasjonsteknologi. Talet jenter som tek informasjonsteknologi er meir enn halvert sidan 2019–20.

Talet elever som tek realfag, alle trinn og utdanningsprogram




Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Biologi 1 og 2	10 675	10 999	11 382	11 752	11 803	11 558
Fysikk 1 og 2	14 122	14 598	14 059	13 235	13 180	12 942
Kjemi 1 og 2	13 947	14 440	14 388	14 380	14 657	14 226
Informasjonsteknologi 1 og 2	5 214	5 444	5 302	5 134	5 196	5 492
Teknologi og forskningslære 1, 2 og X	2 630	2 763	2 658	2 592	2 539	2 463

Elevar på studieførebuande program må også velje ein form for matematikk på vg2. Talet som vel matematikk for samfunnsfag (S1) er nå éin tredjedel av kva det var i 2020–21. Samtidig har talet som vel praktisk matematikk (2P) auka betydeleg. At færre vel S1 har vore ein tydeleg tendens etter at dei nye læreplanane blei innført for vg2 i skoleåret 2021–22, så det kan vere ein samanheng mellom nedgangen i

elevtalet og endring i faget. Matematikk for realfag (R1) har også auka elevtalet litt i denne perioden, men på tross av dette har det vore ein liten nedgang i kor mange som tek R-matte i vg3 (R2).

Elevtal på matematikkfag, vg2



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
2P	19 039	18 308	17 916	17 960	18 720	19 765	20 702	21 145
R1	8 507	8 076	7 953	8 775	8 252	8 572	9 127	9 683
S1	8 258	8 143	8 233	9 206	7 066	4 938	3 665	2 767


Kjønntypiske utdanningsval i vidaregåande opplæring

Det er framleis store forskjellar i val av utdanningsprogram for jenter og gutar, særleg i yrkesfagleg retning. Dette har vore stabile tendensar over år. Elektro og

datateknologi og bygg- og anleggsteknikk har høvesvis 92 og 91 prosent gutar. I år er jenteandelen ned på bygg- og anleggsteknikk, mens den aukar litt på elektro- og datateknologi.

Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign har 92 prosent jenter. Dette har vore ein stabil andel i fleire år. Derimot har det vore ein nedgang i andel gutar på helse- og oppvekst dei siste åra, som er programmet med nest minst andel gutar. I 2019–20 var 21 prosent av elevane gutar, mens i år er det berre 15 prosent gutar på helse- og oppvekstfag.

Kjønnsfordeling på utdanningsprogram på vg1, 2024–25



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	Elektro og datateknologi	Bygg- og anleggsteknikk	Teknologi- og industrifag	Informasjonsteknologi og medieproduksjon	Idrettsfag
Gutar	92%	91%	85%	85%	59
Jenter	8%	9%	15%	15%	41


Stor auke i samisk som andrespråk

For andre år på rad er det stor auke i talet elevar som tek samisk som andrespråk. Elevtalet har stige frå 293 i skoleåret 2022–23 til 453 i år, ein auke på over 50 prosent på to år. I år er det fleire av dei samiske faga som aukar litt. Førre skoleår var det særleg talet på elevar som tek nordsamisk på nivå 4 som sto for auka, og dei aukar litt også i år. Dette er nivået for dei som ikkje har hatt tidlegare opplæring i samisk, men vel å starte når dei begynner på vidaregåande. Derimot er talet elevar som tek samisk som førstespråk stabilt. Dermed er det nå over dobbelt så mange elevar som tek samisk som andrespråk, enn som førstespråk.

Meir om opplæring i samisk

- [kven har rett til opplæring?](#)
- [kunnskapsløftet samisk](#)

Elevtal på samisk som første- og andrespråk, lule-, nord-, og sørsamisk



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Samisk som førstespråk	203,0	213,0	204,0	209,0	205,0	178,0	202,0	199,0	205,0	213,0
Samisk som andrespråk	243,0	247,0	267,0	242,0	273,0	264,0	325,0	318,0	455,0	455,0

Om statistikken

Statistikken viser elevar og kva fag dei var registrert på per 1.10 inneverande skoleår. Talet elevar og skoler i vidaregåande opplæring er basert på registerdata på individnivå, henta frå fylkeskommunanes inntakssystem VIGO. I fagval tel vi elevar som er registrert som Elev og Spesialundervisning, og i elevtal for vidaregåande tel vi også Utanlandsk utvekslingselev i Noreg. Vi fjernar også elever som samtidig er registrert med lærekontrakt i ein bedrift, desse skal teljast i statistikken over læringar.

Vi tel berre elevar som er registrert på skoler i Nasjonalt skoleregister som i medhald til næringskode driver med vidaregåande opplæring. Elevane må være registrert på utdanningsprogram og programområde som finnes i GREP.